



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

Møtedato: 09.06.2016

Møtetid: kl. 20:00

Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Sølv Norunn Gripsgård Knudsen, Ingunn Reigstad, Andreas Sagstad Berg, Brigt Roar Skeie, Andreas Westermoen, Per Audun Heskestad, Torbjørn Aamli, Bent Gunnar Næss, Anne Kjersti Tveiten Erikstein. Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Regine Sagstad Berg, Synnøve Kårstad Ryland.

Innkalling, saksliste og sist møtebok:

Innkalling og saksliste vart godkjent. Møtebok frå møte 28.april 2016 vart godkjent.

Meldingssaker:

00 Skriv (sjå vedlegg)

000048 Ombygging kontor og rydding lager

*Det er planar om å flytte møterommet ut i det som no er resepsjonsområde, og dele av
noverande møterom til kjøkken og eit nytt kontor. Pengar er avsett i budsjettet og jobben er
planlagt gjort i byrjinga av august. I siste del av sommaren er det også planar om å rydde og få
opp nye hyllesystem på lageret. Kyrkjeverja ber om moglegheiter til å hente inn nødvendig hjelpe
til arbeidet, og ei litt romsleg ramme økonomisk, så det kan gjennomførast utan å kalle inn til
ekstramøte.*

Saka vart omgjort til vedtakssak. Sjå sak nr. 12/16.

000049 Plan-arbeid

*I soknerådssakene i dette møtet er det ei sak om plan for soknerådet sitt arbeid. Nokre av
planane gjeld fellesrådsområdet. Kjem det opp forslag om nye tiltak som er fellesrådssaker,
kjem det opp i seinare møte.*

000050 Brakkebygg til Løvegjengen

*Behovet i Løvegjengen for meir plass til gruppa for dei minste er veksande. Det bør vurderast
om det kan kjøpast eller leigast brakkebygg som kan vere i bruk til vi har ein anna løysing på
Frekhaug.*

000051 Kulturstøtte til jubileum og kollekthåv

*Meland kommunen støttar kyrkjejubileet med 25.000 og restaurering av kollekthåv med 20.000.
Kollekthåven skal restaurerast innan kyrkjejubileumshelga.*

** Murproblem på kyrkjegarden. Stolpe i kyrkja.
Kyrkjeverja orienterte.

** Møte i kyrkjeutvalet 1. juni.
Bent Gunnar Næss (leiar) og kyrkjeverja orienterte.

Sak 010/16 Framlegg til ny utvalsstruktur

Forslag til vedtak:

- Mandatet til strategiutvalet får følgjande nytt punkt 2 . «Sokneprest og kyrkjeverje leier arbeidet saman med AU, ein annan medlem utnemnd frå soknerådet (fast medlem eller 1. vara), og ein medlem som soknerådet utnemner utanom soknerådet. Funksjonstida følgjer soknerådsperioden.»»
- Mandatet til økonomiutvalet får følgjande nytt punkt 1. «Soknerådet vel eit økonomiutval for kvar soknerådsperiode, samansett av AU, ein annan medlem frå soknerådet (fast medlem eller 1. vara) og ein medlem utanom soknerådet.»»
- Ordninga har ein prøveperiode frå juni 2016 til juni 2017.

Møtebehandling:

Vedtak:

Det blir ein prøveperiode frå juni 2016 til juni 2017 med strategiutval og økonomiutval som ei utviding av AU-møtene. Andreas Sagstad Berg blir valt som medlem i økonomiutvalet og Andreas Westermoen som medlem i strategiutvalet frå soknerådsmedlemmene. Kari Erikstein blir også utnemnd til strategiutvalet.

Samrøystes vedtak.

Sak 011/16 Møteplan for hausten 2016

Forslag til vedtak:

Soknerådet	Merknad/faste saker	Stad	AU
25.august	Avspark/retro+ sommarfest	Møteplassen ??	Veke 31?
6.oktober		Møteplassen	Veke 36
3.november		Møteplassen	Veke 40
1.desember	Budsjett. Val. Offer	Møteplassen	Veke 46

Sak 012/16 Ombygging av kontor

Forslag til vedtak:

Budsjettramma for ombygging av kontor og møterom vert auka frå kr 50.000 til 150.000 eks mva. Ombygginga er planlagt gjennomført sommaren 2016. Kostnaden vert dekka av disposisjonsfondet.

Møtebehandling:

Vedtak:



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Budsjettramma for ombygging av kontor og møterom vert auka frå kr 50.000 til 150.000 eks mva.
Ombygginga er planlagt gjennomført sommaren 2016. Kostnaden vert dekka av disposisjonsfondet.
Samrøysta vedtak.

A handwritten signature in blue ink that reads "Anne Sofie N. Uthaug".

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje

A handwritten checkmark in blue ink, consisting of a short vertical line with a diagonal stroke through it.